

Fra: Marthinsen Kirsten
Sendt: 8. juni 2015 16:00
Til: 'Statnett SF'; 'sognogfjordane@fnf-nett.no'; 'fmsfpost@fylkesmannen.no'; 'post@laerdal.kommune.no'; 'kundestotte@laerdalenergi.no'; 'post@sfe.no'; 'postmottak.sentraladm@sfj.no'
Kopi: Kjelsberg Birgitte Marie Wilvang
Emne: Oppstart 7 småkraftsaker i Lærdal

Småkraftpakke Lærdal - orientering til sentrale høyringspartar og til ansvarlege for nett

NVE er i oppstartfase av handsaming av sju småkraftverk i Lærdal kommune. Ved ei slik "pakkehandsaming" av søknadar har vi opplevd at høyringspartar syns dei får for kort tid og gjerne skulle hatt betre kjennskap til prosjekta før dei kjem med høyringsuttale. Mange ønskjer å synfare områda sjølve før dei uttalar seg. Vi har difor starta med å orientere om pakkebehandling i god tid før høyringsperioden. Informasjon om framtidige pakkar finn ein også på NVE sine nettsider.

I eit forsøk på å gjere det lettare for kommunane, Fylkesmannen, fylkeskommunen, FNF og andre sentrale høyringspartar publiserer vi eit oversiktskart over dei sju tiltaksområda. Kartet vil publiserast [her](#) under kvar enkelt sak. I tillegg doblar vi høyringsperioden på pakkesaker. Ingen av sakene har så langt vore gjennom vår kvalitetssikring. Per i dag fins søknadane berre som søknadsutkast. Ved kvalitetssikring av søknadane kan det bli endringar, men prosjektområda vil i all hovudsak ligge innanfor det som er skissert.

Dette er berre meint som informasjon om kva som kjem på høyring. Vi ønskjer ingen høyringsuttale på dette tidspunktet. Dette gjev dykk anledning til å synfare området i forkant av høyring. Vi planlegg å sende sakene på høyring i løpet av hausten 2015 og synfare dei sommaren 2016.

Dersom kommunen ønskjer å sette av ein sakshandsamar no tidleg i prosessen, tar vi gjerne nærare kontakt for å halde ein god dialog gjennom heile sakshandsaminga.

Sakane som handsamast samla i «Småkraftpakke Lærdal» er:

Namn	GWh	MW	Arkivnr.	Søker
Volldøla kraftverk	5,20	2,04	201002933	Tyngdekraft AS
Tynjadalen kraftverk	22,80	8,60	201106687	Okken Kraft Lærdal KF
Fosseteigen kraftverk	16,00	6,20	201106688	Okken Kraft Lærdal KF
Øvre Kvemma kraftverk	15,80	4,99	201300050	Lærdal Aurland Grønnkraft (LAG)
Sagelvi kraftverk	15,30	5,60	200901038	Frønningen Kraft AS
Nybru kraftverk	5,20	1,80	200901038	Frønningen Kraft AS
Lyngsete kraftverk	1,61	0,49	200901038	Frønningen Kraft AS

Med vennleg helsing,

Kirsten Marthinsen og Birgitte K. Wilvang
Konsesjonsavdelingen, seksjon for småkraftverk

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 09575

e-post: nve@nve.no

web: www.nve.no